



Me er på veg mot den nye kommunen i Hardanger **ULLENSVANG KOMMUNE**

Felles rådmann i Odda og Ullensvang

Onsdag 22. august var det ekstraordinært kommunestyremøte i Odda. Sak til handsaming var ivaretaking av rådmannsfunksjonen i Odda no når rådmann Ole-Jørgen Jondahl går over i stilling som prosjektleiar/rådmann for Ullensvang kommune.

I Odda kommunestyre vart det lagt fram sak der forslag til løysing var avtale om felles rådmann for Odda kommune og Ullensvang herad i perioden 01.09.18 til 31.12.19. Kommunestyre skulle ta standpunkt til tilsetjing av Magnus Steigedal som

rådmann i 50 % stilling, fellesstilling med Ullensvang herad, for perioden fram til kommunesamanslåinga i 2020. Kommunestyret i Odda var samrøystes positiv til løysing.

Ullensvang heradsstyre hadde same sak oppe til handsaming i sitt ekstraordinære heradsstyre måndag 27. august - her vart det også fatta vedtak om felles rådmann for dei to kommunane.

Etter vedtak i kommune- og heradsstyre ser Magnus Steigedal fram til å starte opp som felles rådmann

og bli betre kjend med administrasjon og folkevalde også i Odda. Samt vidare samarbeid om kommunesamanslåinga med prosjektleiar/rådmann Ole-Jørgen Jondahl for Ullensvang kommune.

[Les meir.....](#)



www.ullensvang.kommune.no

Tilsetjing av HR - prosjektstilling

I starten av juli vart det lyst ut prosjektstilling HR for samanslåinga av Ullensvang kommune.

Dette er ei spennande og sentral stilling i samanslåingsprosjektet. Stillinga inngår i den nye kommunen, då plassert i rådmann si leiargruppe.

Det var ni gode søkarar til stillinga, noko tilsetjingsutvalet var veldig nøgd med.

Tilsetjingsutvalet som består av tre tillitsvalde og prosjektleiar valde ut kandidatane som vart kalla inn til intervju. Og intervjurunde er gjennomført no dei to siste vekene.

Etter intervju har Eivind Gregersen som er Kommunalsjef HR i Ullensvang herad fått tilbod om stillinga, og han har munnleg takka ja.

Me gratulerer Eivind Gregersen med stilling i Ullensvang kommune!

[Les meir....](#)



2018

Nyhende
3

Felles leiarmøte Jondal, Odda og Ullensvang

- ⇒ Leiargruppene i Jondal, Odda og Ullensvang var fredag 24.august samla til fyrste felles leiarmøte. Ulike saker var oppe til drøfting.
- ⇒ Det vert felles leiarmøte ein gong per måned framover. Møta er lagt til Odda.
- ⇒ Felles diskusjonar, moglege fellesavgjersle og fellesskapsbygging er målsetjinga. Prosjektleiar/rådmann Ole-Jørgen Jondahl vil delta på desse fellesmøta.
- ⇒ Kvar leiargruppe vil fortsetja med sine leiarmøter i eigen kommune som før.

Personvernombod for dei tre kommunane!

Cato Underhaug er tilsett som personvernombod for dei tre kommunane og startar opp i stillinga 3. september.

Kven er så Cato Underhaug?

Eg reknar meg som Jondølning sjølv om målføre ikkje kan bortforklarast, den er avsløpen bergensk.

Historia mi er kort fortalt at fram til eg flytta til Jondal i 2010 har eg jobba i ulike bankar og finans selskap som DnB, Trygg og SBanken. Eg har hatt mange forskjellige funksjonar både som leiar og medarbeidar. Eg har òg drive med coaching og selt bilar for Møller gruppa.

Eg har vore tilsett som økonomikonsulent ved Økonomikontoret i Jondal kommune frå 2011. I dag har eg ein halv stilling som økonomikonsulent i Jondal kommune ved sida av 50 % Personvernombod stillinga.

Fritida mi går med til å luften hunden – ofte i fjella rundt Jondal – både sommar og vinter. Syslar òg med fiske i fjorden, samt vedlikehald av hus og hytte, eg likar å halde på med fysiske «arbeidsoppgåver» i fritida mi.

Eg har nett gitt meg som fotballtrenar som har vore den store aktiviteten dei siste 35



åra. No har eg planar om å trene meg sjølv dei næraste åra.

Eg ser fram til å starta som Personvernombod! Det ser eg på som særst interessant fagfelt og eg gleder meg til å bli kjend med nye kollegaer rundt i dei tre kommunane.

[Les meir...](#)

Informasjon

www.ullensvang.kommune.no

- her finn du nyhende, avtalar, planar og informasjon om om samanslåinga av kommunane. Du kan lesa saksdokument og referat frå fellesnemnda, PSU osv.

Følg med på heimesida og "lik" oss på facebook så held du deg orientert!

